



Entreprenør og Tømrarverksemd

**R REIGSTAD**  
BYGG OG EIGEDOM AS

Alver Kommune  
v/byggesak  
att: Anne Lise Molvik  
Postboks 4  
5904 Frekhaug

Dykkar ref: **SAK: 21/1015**

Knarvik, 25.02.2022

### Søknad om dispensasjon frå rekkefølgekrav kubbaliestet

Me viser til Teamsmøte i dag 250202022

I samband med bruksløyve/ferdigattest for bustad 5, som er bygg nr. 1 på område BB2, utløyer dette «nye» rekkefølgekrav for bustadfeltet på Kubballiestet. Jf. Grunngeving under søkjer me om dispensasjon frå nokre rekkefølgekrav i 3 mnd, fram til 15. juni 2022.

Søknaden gjeld dispensasjon/utsetjing av følgjande rekkefølgekrav.

- A. Gangveg o\_Gv2 ut i Tuftamyra
- B. Leikeplass f\_L8 i same område
- C. Delar av kyststi i same område.
- D. Kryss o\_V4- o\_V3 (det kan gå ved rask byggesak)

### Grunngeving for utsetjing

- A. Gangveg o\_Gv2  
Manglande byggeløyve i sak 21/8185.  
(søknad innsendt 23.09, mangelbrev 03.12, supplerande innsendt 09.12)  
Det har difor ikkje vore mogeleg å setje i gang arbeidet med gangvegen.
- B. Leikeplass f\_L8 i same område- ein treng lengre tid på å ferdigstille dette pga grunnarbeid som skal gjerast i pkt. A, samt grunnarbeid for bygg 6 og 7 som er under oppføring på BB2 som må kome lengre før ein kan ferdigstille leikeplassen, og ta denne sikkert i bruk.
- C. Kyststi i same område, same argument som i pkt.B, samt grunnarbeid rundt bygg 6 og 7 gjer det lite hensiktsmessig og tryggleiksmessig å gje tilgang til publikum i denne delen av feltet no.
- D. Kryss o\_V4- o\_V3  
Vi har hatt dialog med vegavdelinga om å behalde krysset slik det er i dag. Vi har nyleg fått avklart at svingradius i samsvar med reguleringsplan (trekant ca 5m2) lyt utførast. Byggesak for dette er sendt inn i veke 7. Tiltaket kan truleg ferdigstillast innan 15. mars.

#### VISJON:

HEILSKAP  
OG KVALITETOsterfjordv.124  
5914 IsdalstøOrg.nr :  
982 231 345epost: [post@reigstadbygg.no](mailto:post@reigstadbygg.no)heimeside: [www.reigstadbygg.no](http://www.reigstadbygg.no)Dagleg leiar:  
**Geir Reigstad:**  
92 60 82 35  
[geir@reigstadbygg.no](mailto:geir@reigstadbygg.no)

#### Bygg

Fagleg leiar:  
**Håkon Reigstad**  
92 50 82 36  
[hakon@reigstadbygg.no](mailto:hakon@reigstadbygg.no)Fagleg leiar  
byggesak og  
prosjektering:  
**Kjell Reigstad**  
97 74 79 64  
[kjell@reigstadbygg.no](mailto:kjell@reigstadbygg.no)Teikning  
Prosjektering,  
Byggesak  
Nybygg  
Tilbygg  
Bustad  
Garasjar  
Hytter

#### Entreprenør

Fagleg leiar  
**Rolf Reigstad**  
90 03 97 61  
[rolf@reigstadbygg.no](mailto:rolf@reigstadbygg.no)Graving,  
Boring  
Sprenging  
Transport  
Støyping  
Natursteins  
Muring  
Uteareal  
Grøntareal

Hovudlinja i punkta over er at vi ikkje har fått kome i gang med gangvegen pga manglande byggeløyve for denne, vidare er vi heller ikkje kome langt nok med grunnarbeidet rundt bygg 6 og 7, slik at kyststi og leikeplass f\_L8 kan ferdigstillast.

#### HMS/Tryggleik for publikum

Vi ser området og arbeidet ved gangveg/leikeplass/kyststi under eitt. Sjølv om vi kan bli ferdig med delar av punkta (leikeplass/kyststi) noko tidlegare, ser vi som ikkje forsvarleg ut i frå HMS omsyn for publikum (eller for dei som skal utføre arbeidet), å opne opp delar av området før pkt. A, B og C er ferdigstilt. Vi har difor i vedlagte skisse under sett ei (rød) linje som avgrensing av området for publikum fram til 15 juni.

#### Konsekvensar for planen i høve desse punkta

Intensjonen i planen har vore at når område BB2 vert opna for bruk skal fleire leikeplassar, kyststi og gangveg ut i Tuftamyra etablerast.

I den samanheng er den største leikeplassen innan planen, f\_L4 no etablert, likeså er kyststien fram til og med f\_L4 etablert. Bygg 5 er næraste nabo til desse tiltaka.

Dei fleste av punkta (A/B/C) gjeld område rundt gangveg o\_GV2 ved Tuftamyra og ligg i motsett ende av bygg 5 og dei andre bustadene som er innflytta tidlegare.


Det er ca 30 bueiningar som er etablert i feltet frå før, bygg 5 kjem til med «berre» 10 nye einingar. Talet bueiningar totalt er pr. i dag såleis lågt i høve planen med totalt 133 einingar i nedre del. Konsekvensane for bebuarane, at dei nemnde tiltaka ved Tuftamyra vert utsett i 3 mnd. lyt seiast å vere minimale.

#### Framdrift og ferdigstilling.

A/B/C Området ved gangsti Tuftamyra og ved bygg 6 og 7:

Det vert oppstart av arbeidet så snart det ligg føre byggeløyve.


Ferdigstilling av pkt. A/B/C ca 15. juni. (3 mnd utsetting)



#### D) Kryss o\_V3/o\_V4

Krysset har (alltid) vore i bruk då dette er veg til gamlefeltet i Kubbaletet.

I høve utføring i samsvar med reguleringsplan, manglar det svingradius mot kubbaletet.



Det er sendt inn byggsak på o\_V4.

Det fysiske arbeidet tek om lag 1 dag/lett grunnarbeid og 5m2 asfalt. Ved rask byggesakshandsaming vil vi vere ferdig med dette til 15.mars.

#### Oppsummering

Innan innflytting av bustad 5, som er sett til 15. mars 2022, er det nokre rekkefølgekrav vi ikkje rekk å ferdigstille. Vi ber om dispensasjon/utsetjing av desse til 15. juni 2022

Vi vurderer konsekvensane av utsetjinga som små, og vil gjelde ei kort tid.

Med vennleg helsing  
For Reigstad Bygg og Eigedom as

Kjell-A. Reigstad